



# Oppstartsmøte om beredskap for fjellskred frå Tussafoten i Øvre Eidfjord

3. mai 2022, kl. 11.00-13.30, Eidfjord kommunehus

Til stades:	Eidfjord kommune (Geir Underhaug, Anders Vatile, Louise Pettersen, Anne Kommedal, Reidar Meel), Statsforvaltaren i Vestland (Haavard Stensvand, Oliva Bakketun), Vest politidistrikt (Morten Rebnord), NVE (Aart Verhage, Einar Anda, Lars Harald Blikra)
Forfall:	
Møteleiar:	Rådmann Geir Underhaug og Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand
Referent:	Oliva Bakketun

## 1. Agenda

- Velkomen v/ Eidfjord kommune og Statsforvaltaren (10 min)
- Orientering frå NVE om fare- og risikoklassifisering av Tussafoten (15 min)
- Lunsj (vi tek gjerne lunsjen undervegs i møtet)
- Diskusjon om vidare arbeid med å etablere eit beredskapssystem (1-1,5 t)
  - Risiko- og sårbarheitsanalysen v/ Statsforvaltaren
  - Overvaking/målingar
  - Etablering av varslingsystem
    - Varsling av hovudaktørar
    - Varsling av andre aktørar/verksemder
    - Befolkningsvarsling
  - Plan for framdrift og nytt møte
- Eventuelt (10 min)

## Orientering frå NVE om fare- og risikoklassifisering av Tussafoten

*Sjå presentasjonen frå NVE for meir utfyllande informasjon*

- Ca. 13 mill. m<sup>3</sup> fjell er i rørsle. Eit parti på ca. 6 mill. m<sup>3</sup> har større rørsle enn resten av området.
- Heile partiet kan gå ut i eitt skred, men eit skred på 6 mill. m<sup>3</sup> er mest sannsyleg,
- Risikoen er vurdert til høg og NVE etablerer kontinuerleg overvaking som grunnlag for beredskap.

## Diskusjon om vidare arbeid med å etablere eit beredskapssystem

- Det er gjort eit omfattande arbeid andre stader som vil kunne vere ein mal for jobben vi skal gjere. Det gjeld ikkje minst arbeidet knytt til fjellskredfaren i Åkneset i Møre og Romsdal. [Den nasjonale beredskapsplanen for fjellskred](#) gir viktige føringar for korleis arbeidet skal organiserast, og kva som skal gjerast.

- Som regional fag- og samordningsstyresmakt for samfunnstryggleik og beredskap har Statsforvaltaren eit særleg ansvar for å samordne beredskapsplanlegging og handtering av ei skredhending. Statsforvaltaren har òg eit særleg ansvar for å sikre at det vert utarbeidd ein objektplan for området. Planen er likevel eit kollektivt ansvar som fordrar aktiv medverknad frå hovudaktørane
- Det er viktig at alle aktørane har den same forståinga av både risiko- og beredskapsnivåa.
- Det er viktig at beredskapsplanen avklarar tydeleg overgangen mellom fasane, ikkje minst overgangen til evakueringsfasen då politiet må ha den overordna styringa av handteringa.
  - **Risiko- og sårbarheitsanalysen**
- Det skal utarbeidast ein ROS-analyse og ein beredskapsplan/objektplan, og etter kvart aktørplanar. Kommunikasjonsplan og evakureringsplan er viktig element i desse.
- Statsforvaltaren samordnar det vidare arbeidet med ROS-analysen, i samarbeid med Eidfjord kommune, NVE og Vest politidistrikt.
- Stikkord til det vidare arbeidet:
  - Planlegginga vil har eit verstefallsscenario som utgangspunkt.
  - Statkraft er regulant i Bjoreio og kan gjennom reguleringa påverke vassføringa og minke risikoen ved oppdemning i elva.
  - Faresona ved ein beredskapssituasjon (evakuering) og faresone ved utbygging vil sannsynlegvis verte ulike (slik at evakueringsområdet vert større enn byggeforbodsområdet).
  - Politiet har det endelege ordet m.o.t. til evakueringszone, NVE har lagt opp til, og råda om, maksimal sone/verstefall.
  - Det bur truleg rundt 300 personar i det aktuelle evakueringsområdet. I turistsesong må vi gange dette med 4-5.
  - Det er ikkje sårbare institusjoanar som til dømes aldersheim, barnehage m.v. i Øvre Eidfjord.
  - Kan risikere at det vert varsla raudt nivå fleire gonger (slik har det vore med fleire fjellskred i Europa). Forenventar likevel ikkje at det vert så mange som i Mannen (Veslemannen) i Møre og Romsdal. Dette er likevel usikkert og aktørane må ta høgde for at det kan skje at varselet går på raudt og så tilbake igjen.
  - I det vidare arbeidet må det gjerast vurderingar av om ei flodbølgje i vatnet kan få konsekvensar for nedre Eidfjordvatnet. Så lang ser det ut til å ha liten risikoeffekt nedstraums Eidfjordvatnet. Vassføringa varierer sterkt, og periodar med lite vatn er det nesten mogleg å gå over med joggsko.
  - Den kommunale vassforsyninga vil truleg ikkje verte slått ut av eit skred. Forsyninga er i stor grad basert på borhol (grunnvatn), ikkje overflatevatn.
  - Næringsliv i Øvre Eidfjord:
    - ✓ Største verksemda er Norsk natursenter (ope april-oktober)
    - ✓ Det er fleire campingplassar. Ein del faste campingplassar på den eine, men mykje folk til tider på alle.
    - ✓ Eit stort fellesfjøs (storfe) – med ein buskap på kanskje 80 dyr.

- ✓ Eventselskap på sommaren; Best adventure + pannekakehuset/bed and breakfast. Kommunikasjon med desse er ikkje alltid lett. Best adventure: held til i Danmark.
  - Når det gjeld turistar som kan kome inn i området på eiga hand til fots, er det Hjølmadalen som kan vere vanskeleg. Folk som har gått over Hardangervidda kjem ned der. Området er utan mobildekning.
  - Kan det vere aktuelt å gjere avtale med med nabokommune(ar) med tanke på støtte? I ein situasjon med total isolasjon kan det vere aktuelt å få støtte frå Hol.
  - Kan det vere aktuelt å ha ein eigen beredskapsplan for Sysendalen? Ved varsel om auka risiko- og beredskapsnivå kan det kanskje vere aktuelt å flytte utstyr opp der.
- Beredskapsplanen må avklare kven NVE skal varsle om endra reisikonivå; er det berre til hovudaktørane? I tilfellet Mannen vart ikkje det som står i nasjonal beredskapsplan følgd fullt ut (dvs. at ikkje berre hovudaktørane vart varsle). Omfanget av skredet var ein god del lågare der enn eit skred frå Tussafoten.
  - **Overvaking/målingar og aktørvarsling frå NVE**
  - NVE vil rapportere kvar veke når risikoen er på grønt nivå.
  - Ved overgang til gult nivå vil NVE varsle med telefon og e-post.
  - På oransje og raudnivå: NVE vil vere til stades i Eidfjord
  - NVE har vaktordning på teknisk utstyr
  - Kravet er at skredet skal kunne varslast 72 timar på førehand. Det er for å ta høgde for stor usikkerheit. Det er viktig at evakuering blir sett i gang så raskt som mogleg og ikkje vente til det har gått snart 72 timar.
  - **Etablering av varslingsystem**
    - **Varsling av hovudaktørar**
    - Beredskapsadresser og kommunal kriseleiing i kommunen, beredskapsadresse og beredskapsseksjonen hjå Statsforvaltaren, samt operasjonssentralen hjå politiet
    - Statsforvaltaren utarbeider eit første utkast til varslingsliste som må vidareutviklast etter kvart
    - **Varsling av andre aktørar/verksemder**
    - Identifisere aktuelle aktørar og verksemder som skal inngå som ein del av beredskapen
    - Aktuelle aktørar og verksemder:
      - Hovudaktørar:
        - Vest politidistrikt
        - Eidfjord kommune
        - NVE
        - Statsforvaltaren
      - Andre aktuelle aktørar:
        - Helse Bergen og Helse Fonna

- Statens vegvesen
- Kystverket
- Eidfjord hamn
- Statkraft
- Indre Hardanger kraftnett
- Telenor
- Okapi
- Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
- Røde Kors
- Sivilforsvaret
- Heimevernet
- Turistnæringa

Aktørlista må kompletterast/justerast etter kvart.

#### ▪ **Befolkningsvarsling**

- Kommunen har mobilbasert befolkningsvarslingssystem med modul for lokasjonsvarsling. Kommunen nyttar også DSB-CIM
- Politi: Kva med varsling av dei som oppheld seg på hytter i kommunen. Kommunen: lokasjonsvarslinga når hytteeigarar og til dømes dei som køyrer gjennom Sysendalen
- Politi: Fylkesveg 7, tungtransport over vidda, turistar. Varslingssystem for å stoppe på Geilo? Stensvand: Statens vegvesen kan truleg nytte sine system for skilting. Må diskutere varsling, stenging m.v. med vegvesenet etter kvart.

#### ○ **Plan for framdrift og nytt møte**

- Statforvaltaren lagar eit første utkast til varslingsliste med nokre generiske e-postar/beredskapsadresser, og ei telefonliste for hovudaktørane. Lista delast med hovudaktørane (og supplerast)
- Statsforvaltaren lagar ei ramme og eit utkast for ROS-analyse som vil vere grunnlag for første møte i arbeidsgruppa
- Som ein del av arbeidet med ROS-analysen vil det være nødvendig å få på plass eit oversyn over relevante aktørar som må involverast i det vidare arbeidet. Vi må òg vurdere om det er andre enn dei som er lista her i referatet som bør involverast
- Det må på plass kart for evakueringszone(r). Politiet vil arbeide med dette i samråd med kommunen og NVE
- Det leggjast opp til ei øving av skredhendinga, over nyttår i 2022/2023
- Kommunen førebur eit budskap til media og befolkninga/pressemelding om prosessen som er starta.
- NVE må ta ei internrunde på om oppdemminga får konsekvensar for Eidfjord.
- Statsforvaltaren tar ein prat med Cyberforsvaret.
- Nytt møte i juni, etter at arbeidgruppa er etablert. Statsforvaltaren kallar inn.